

**Svar på spørsmål etter samling om personleg assistanse.**

**Opplæringslova § 11-4**

**Om kommunen skal legge til rette for at foreldra skal kunne søke om personleg assistanse**

Etter opplæringslova er det ikkje noko krav om at foreldre må søke om personleg assistanse, og kommunen treng ikkje legge til rette for at foreldre skal søke om dette. På vegne av kommunen, har skulen ei informasjonsplikt etter opplæringslova § 10-8. Etter denne føresegna skal skulen gi foreldra og eleven informasjon om eleven sine rettar og plikter. På bakgrunn av dette vurderer vi at skulen må informere foreldre og elevar om retten til individuell tilrettelegging. Kommunen bør informere om at foredra/eleven kan krevje at skulen i eit vedtak tar stilling til om eleven har rett til individuell tilrettelegging etter §§ 11-4 – 11-6.

**Om PPT må skrive sakkunnig vurdering i saker som gjeld personleg assistanse, eller om det kan gjerast på annan måte.**

Det er ikkje krav om sakkunnig vurdering før skulen gjer vedtak om personleg assistanse. Som det er vist til i forarbeida kan det i nokre tilfelle være nødvendig med ei vurdering frå PPT eller andre sakkunnige. Det betyr ikkje at PPT skal skrive ei sakkunnig vurdering etter opplæringslova § 11-8, men det betyr at PPT må uttale seg om det vedtaksmyndigheta vurderer er nødvendig for å opplyse saka.

**Om evnemessig fungering og rett/behov for ITO for tilfredsstillande utbytte av opplæringa**

På samlinga sa vi at eleven ikkje nødvendigvis har eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa sjølv om eleven klarar å nå alle kompetansemåla i faget. Å vurdere om elevane har tilfredsstillande utbytte handlar om å sjå kva den enkelte har lært og kan utføre ut frå eigne føresetnader, opp mot måla i læreplanverket. Skulen skal sørge for at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, jf. opplæringslova § 11-1. De kan lese meir om vurdering av tilfredsstillande utbytte her: [Vurdere om eleven har tilfredsstillende utbytte av opplæringen | udir.no](#)

**Om skulen må gjere nytt vedtak dersom ein elev har personleg assistanse i eit fag og bytar til eit anna fag**

De må gjere nytt vedtak dersom den faktiske situasjonen til eleven er endra, og dette er av betydning for innhaldet i vedtaket om personleg assistanse.

### **Om personleg assistanse kan nyttast i SFO tida**

Retten til personleg assistanse er knytt til eleven sitt utbytte av opplæringa. SFO reknast ikkje som ein del av opplæringa til eleven, og eleven har dermed ikkje rett til personleg assistanse i SFO – tida.

### **Når ein elev treng både individuelt tilrettelagt opplæring og personleg assistanse; skal PPT uttale seg i sakkunnig vurdering om innhaldet i og omfanget av den personlege assistansen?**

PPT skal i den sakkunnige vurderinga gjere ei heilskapleg vurdering av den hjelpa eleven treng. Det kjem fram av opplæringslova § 11-8 at PPT skal ta stilling til kva tiltak som vil gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Dette inneber at PPT må uttale seg om innhald, omfang og organisering av den individuelt tilrettelagte opplæringa. PPT må sjå dette i samanheng med den hjelpa eleven treng som personleg assistanse. Etter vår vurdering må PPT derfor ofte uttale seg om innhald og omfang av den personlege assistansen, men berre i den grad det er nødvendig for å opplyse saka godt nok for skulen.

### **Om personleg assistanse kan nyttast der elevar strevar med det sosiale**

Det kjem an på om vilkåra for personleg assistanse er oppfylt i den konkrete saka.

Retten til personleg assistanse gjeld berre for elevar som treng det for å kunne delta i opplæringa og få eit tilfredsstillande utbytte av ho. Elevar som strevar i det sosiale vil ofte trenge hjelp til å forstå og fungere i samspel med andre barn. Dette er ferdigheter som vil være direkte knytt til fagleg og sosial læring, og måla i læreplanverket. Dersom det er slik hjelp eleven treng, må det heimlast i eit vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring.

Treng eleven derimot praktisk hjelp og bistand, kan eleven ha rett på personleg assistanse. Døme på slik hjelp er tiltak som ikkje er direkte knytt til opplæringa av eleven, som å følgje eleven ut i friminutta, ha ein voksen nær for å trygge eleven, hjelpe eleven inn i leiken, snakke med, støtte og motivere eleven.

### **Omsorgsplikta til skulen**

[Meld. St. 18 \(2010-2011\) - regjeringen.no](#)

[Skolens ansvar for elever som har behov for helse- og omsorgstjenester i skoletiden | udir.no](#)